Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sogn og Fj

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jölster

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: A. E. Klakegg

Gard: Klakegg.

(adresse): Klakegg.

G.nr. 14 Br.nr. 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I eldre tider og i mi ungdomstid brukte dei beit og skav som attåt föring til både naut-skreatur (storfe), smale og geiter.
Skav var bork og kvist av rogn osp og alm. Beit var ris av bjørk.

2. Når dei hentar heim beit og skav så sa dei at dei var i beitaskogen eller skavskogen.
Sleen som dei brukte til all vedkjöyring brukte dei og til å kjöyra beit og skav på.

3. Beit til geitene brukte dei heile vinteren, og kjöyrde i beitaskogen so snart snöen kom og före var til dit. Skav var helst brukt på etterjulsvinteren
Både skav beit og den andre veden kjöyrde dei heim i heile buske når dei ikkje var större at dei kunne kjöyrast

10324

huile. elles vart dei avkutta som dei hövde.

4. I skogen var brukt berre öks og sag og trea vart oppdelte heime på tunet

5. Beita til geitene vart kasta opp på beitahjellen og vart teke ned etter kvart geitene beit av beita. Geitene hadde dei ut i beita kvar dag.

Dei som ikkje hadde geiter brukte gjerne oroko beit til nautskreaturа. Den skar dei av med sigd ute på tunet og bar den inn til kreatura. Dei store stokkane av skavet vart avsmidde ute på tunet med bandekniv og borken baren i fjöset, det andre vart opphogge i passande lengde og bore inn i stova og avsmitt der, og borken og dei tunne kvistane vart bore i fjöset til kreatüra. Både beit og skav vart fora serskilt. Til sauene brukte dei björkebork av hesje materiale som dei kvista ut av beitabuskene som geitene hadde bete beita av. Denne materialen flakte dei nerva (never) av og så smidde dei borken av og gav til sauene. Det var berre

10324
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

geitene dei hadde ute om vinteren.

6. Dei som ikkje hadde geiter la buta og skavet i kvar sin kost. Dei som hadde geiter sette opp buta hjell. Desse hjellane var oppsette med 4 stavar med klöpt (kluft) oppe. Stavane var avstytta med strevara. Opp i klöptene vart lagt stokkar frå den eine staven til den andre som batt hjellane saman. Når dei kjöyrde heim björkeved kasta dei björkekollane og risveden opp på buta hjellen. Når dei hadde geitene ut kasta dei med på butalunet så mykje - björkekollar som dei trudde geitene åt av for dagen. Når geitene hadde ete av det dei ville vart resten av veden kasta i vedkossen.

7. Denne skikken at ein på langfredag skulle henta ei börr med buit på fastande hjarte har eg ikkje haurt.

10324
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



1



2



3